

Aktivitetsdagen tar pause.

10.05.2016



Aktivitetsdagen har vore eit svært populært arrangement

Damevennene melder om at det ikkje vert aktivitetsdag i båthamna i år. Heldigvis er det berre ein pause og det vert lova at dei kjem sterkt tilbake i 2017. Bakgrunnen for dette er at det for tida er ein del utskifting i Damevennene som står bak arrangementet, og dei nye treng litt tid på å organisera seg.

Aktivitetsdagen er eit storarrangement som har samla svært mykje folk i båthamna. Familieprofilen har truffe alle aldersgrupper, og det har kome mange tilreisande for å oppleva det. Mange har gjort ein stor innsats i Damevennene gjennom mange år. Dei arrangerer også den årvisse julemarknaden.

No er det altså fornying i gruppa som står bak Damevennene-arrangementa. Ein del nye er på veg inn i gruppa. Dei treng altså litt tid til å organisera seg, og vil konsentrera seg om årets julemarknad i tida framover. Heldigvis er planen at det skal verta aktivitetsdag att i 2017.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Britt Iren Tjelle Østebø